



NYHETER

MENINGER

**KULTUR**

FORDYPNING

Alle snakkar om psykiatrien, dokumentaren  
«The Recovery Channel» gjer noko med han.

# Menneskeverd gjev helse

**MELDING FILM**

Guri Kulås, 6. apr.



Rolle og røynsle: Turid Vatne, som spelar hovudrolla Randi, er både skodespelar og sjukepleiar. Ein typisk kombinasjon i Ellen Ugelstads hybrid-dokumentarar. Vatne og andre medverkande var også med bak kamera i arbeidet med «The Recovery Channel». Foto: Twentyone Pictures/ Jack

# The Recovery Channel

★★★★★

(Noreg, 2023) Regi: Ellen Ugelstad Manus: Einar Sverdrup, Ellen Ugelstad Dokumentar/ 1t. 43min./ Kino

Ein løysingsorientert, positivt engasjerande og jamvel overrumplande vittig film om norsk psykiatri? Ja, det er akkurat kva det vellukka eksperimentet «The Recovery Channel» er.

Filmen – som no turnerer norske kinoar saman med stadspesifikke debattarrangement – er laga som ei tenkt nyhendesending der alle innslaga er vigd til psykisk helse og helsepolitikk. Vi kjenner att journalistiske «dagsrevysjangrar» som til dømes rettssalsreportasjen og ekspertkommentaren, intervjuet med ein borgar som har vorte utsett for overgrep i statens omsorg og gladsaka om dyr. Jamvel eit ganske vilt sportsinnslag har fått plass.

**Ramma er fiktiv**, men innslaga er dokumentariske og nokre av dei omtaler offentleg kjende saker. Fellesnemnaren er at dei frå ulike vinklar tar opp bruken av tvang i psykiatrien; tvangsmedisinering, beltelegging, isolasjon – verkemiddel som har ført til at Noreg ei rad gongar og gjennom mange tiår har vorte kritisert både av FN, menneskerettsorganisasjonar og vårt eige Sivilombod for menneskerettsbrot i helsevesenet.

Når eg kallar «The Recovery Channel» eit «eksperiment», er det forma eg snakkar om. Innhaldet er i høgste grad basert på fagleg kunnskap, innsamla fakta, brukar- og pårørandeerfaringar. Mange vil kjenna seg att. Andre vil få seg ein skikkeleg vekkjar. Ein nøkkelscene er intervjuet med ein fagleg ansvarleg ved Lovisenberg sjukehus i Oslo, som etter målmedvite arbeid har fått ned beltebruken med 85 prosent. Mykje av nedgangen kom etter at dei flytta beltesenga vekk frå inngangsdøra der tvangsinnlagde kjem inn. Ikkje alle forbetringar krev pengar. Av og til er alminneleg emapti nok.

---

## ANNONSE

---

**Menneskerettsbrota er ikkje** medviten ondskap à la søster Ratched i «Gjøkeredet». Det er filmen svært tydeleg på blant anna gjennom ein scene der psykiatriske sjukepleiarar rekonstruerer ei beltelegging, og drøftar seg gjennom sin eigen tvangsbruk etterpå. Men lovbrota og krenkinga av folks integritet handlar ikkje berre om manglande bemanning og behandlingsressursar heller. Menneskerettsbrot i psykiatrien heng også saman med eit nedarva, institusjonelt, hierarkisk sjukdoms- og menneskesyn, som lenge har vore lite opptatt av maktdynamikk og relasjonar. Det er også dette perspektivet filmen legg an når han plukkar frå kvarandre generaliserande mytar om psykose.



**Det mest uventa** innslaget i «nyhendesendinga» er med Foreningen for omplassering av dyr og deira «fruktfrø-handtering» av traumatiserte hundar: Dei som arbeider her, lét dyra koma til seg – aldri omvendt. **«Ikkje alle forbedringar krev pengar»** Dei er varsame med berøring og krenking av innsone. Straff eller korreksjon blir aldri brukt. Om dyret glefsar, trekker dei seg straks tilbake for dei veit det signaliserer redsle.

Då eg såg «The Recovery Channel» i ein kinosal fylt av folk med personleg- og pårønderøynsle frå psykiatrien, var det mange som lo både godt og sårt av innslaget om ideala for behandling av omplasseringsdyr.

«**The Recovery Channel**» er ein overskotsprega, etisk og estetisk syntese av arbeidet til filmskapar Ellen Ugelstad gjennom femten år. Regissøren har vakse opp i ein psykiatarfamilie og har sjølv vore pårørande i psykiatrien i over 25 år. Etter det nære portrettet av hennar eigen bror, «Indian Summer» (2011), har Ugelstad samla røynsler om helsevesenet i arbeidskrevjande, konseptuelle kortfilmar som «Making Sense Together», «Møterommet» og «Pårønderommet», alle dialogiske filmar som har relevans langt utanfor psykiatrien. Filmene balanserer aktivisme og kunst på perspektivutvidande vis, og har funne tilfredsstillande estetiske hybridløysingar (rollespel, iscenesetting) på etiske problem knytt til personvern og teieplikt.

«The Recovery Channel» opnar opp om korleis filmen har vorte laga, vi får vera med i det reelle redaksjonsmøtet til den fiktive nyhendekanal. Her ser og høyrer vi at det samansette kollektivet rundt regissøren også speglar dei grunnleggjande ideane i *recovery*-metoden, nemleg at den heilande prosessen skal vera personleg, sosial og relasjonell.

**Recovery er i dag** idealet i grunnleggjande psykisk helse- og rusarbeid, men mykje står att Noko blant anna Tone Winnems personlege monolog i filmen vitnar om.

Eit gjennomgangstema i Ugelstads arbeid er korleis dei store innsiktene til pårørande ikkje blir nytta som ein ressurs i psykiatrien, samstundes som pårørande er dei som må ta børa med å tvangsinnlegga sine kjære mot deira vilje, noko som ofte fører til ny skade og belastning på familiane. Dette blir godt drøfta i ei fiktiv rammehistorie i «The Recovery Channel» der Randi (Turid Vatne), programleiaren i nyhendesendinga, også må handtera det å vera pårørande til ei psykotisk søster.

«The Recovery Channel» er ein film også norske journalistar og redaktørar som dekker (eller lar vera å dekkja) psykiatri, burde sjå. Her er det mykje å læra!

---

Del artikkelen



**ANNONSE**

**FILM**





**FILM** 4. apr.

## Monkey Man



«Monkey Man» er Anti-Gandhi.





FILM 4. apr.

## Ukjent landskap



«Ukjent landskap» gjer ein sørgande familie til eit ideal for familiesamhald.





SERIE 27. mars

## Ronja Røverdatter



Velkjent, flott og skummel «Ronja Røverdatter», men nydikta handling tilfører lite.

[Se mer](#)

# KLASSEKAMPEN

[Dagens avis](#)

[Ta kontakt](#)

[Kundeservice](#)

[Min side](#)

[Personvernerklæring](#)

[Åpenhetsloven](#)



Sentralbord  
21 09 30 00

Kundeservice  
21 09 30 01

E-post  
klassekampen@klassekampen.no

Adresse  
Grønland 4, Oslo

Postadresse  
Boks 9257 Grønland, 0134 Oslo

Organisasjonsnummer  
925 350 605

---

Redaktør  
Mari Skurdal



Klassekampen arbeider etter Vær Varsom-  
plakatens regler for god presseskikk.

